



kallar inn til

ÅRSMØTE

15. mai 2023 kl. 18.00

Registrering frå kl. 17.15-17.55

Stad: Fjorden Arena, møterom Fusafjellet

Sakliste

1. Godkjenning av innkalling og sakliste.
2. Val av møteleiar, to medlemmer til å underskrive protokoll og val av teljekorps.
3. Godkjenning av årsmelding og rekneskap for 2022, herunder disponering av årsresultat.
4. Godkjenning av godtgjersle til revisor.
5. Val.
6. Fastsetjing av godtgjersle til styret.
7. a) Endring av Retningslinjer for kapitalfond, § 1 og § 8
b) Endring av Retningslinjer for kapitalfond, §§ 2-7
8. Forskottering/lån til infrastruktur til Samnøy næringsområde

Sakspapir med årsmelding og rekneskap vert lagt ut på heimesida
www.fusa-kraftlag.no frå 8. mai.

Medlemmer som ønskjer det får tilsendt sakspapir ved å venda seg til
Fusa Kraftlag SA.

Møtet er ope for medlemmer i Fusa Kraftlag SA,
valnemda sine innstilte til tillitsvern, og presse.

Vel møtt!
Magne Djuvik
Styreleiar

SAK 1. GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKLISTE

SAK 2. VAL AV MØTELEIAR, TO MEDLEMMER TIL Å UNDERSKRIVE PROTOKOLLEN OG VAL AV TELJEKORPS.

SAK 3. GODKJENNING AV REKNESKAP OG ÅRSMELDING FOR 2022, HERUNDER DISPONERING AV ÅRSRESULTAT.

Framlegg frå styret til årsmøtevedtak:

Rekneskap og årsmelding for Fusa Kraftlag SA (mor og konsern) blir godkjent.

*Disponering av årsunderskot for Fusa Kraftlag SA:
Overført frå annan eigenkapital: kr 15 192 849.*

SAK 4. GODKJENNING AV GODTGJERSLE TIL REVISOR

Fusa Kraftlag SA (mor og konsern) sin revisor er revisjonsselskapet Deloitte. Revisjonshonorar for 2022 er kr 130 000 for morselskapet og totalt kr 374 000 for konsernet. For rekneskapsmessig bistand og skatterådgjeving har revisor motteke kr 60 000 frå morselskapet, og totalt kr 165 000 for konsernet.

Framlegg frå styret til årsmøtevedtak:

Godtgjersle til revisor for 2022 blir godkjent.

SAK 5. VAL

Styret for 2022 har vore:

Magne Djuvik (leiar)		På val som leiar
Ranveig Næss		På val
Atle Kvåle		På val
Stig Tveit		Ikkje på val
Anette Gjøen Berge	Tilsettrepr.	På val

Varamedlemmer:

Kathrine Kvamme Tveitnes	1. vara	Ikkje på val
Trond Sværen	2. vara	På val
Svanhild Dale Eikeland	Tilsettrepr.	På val

Magne Djuvik er ikkje på val som styremedlem, men har meldt at han ønskjer å bli fristilt frå styret dette året, sjølv om han har eitt år igjen. (dette på grunn av flytting.) *

Valnemnda har følgjande einstemmige innstilling til nytt styre i Fusa Kraftlag for 2023:

Valnemnda tek Magne Djuvik sitt ynskje om fristilling til etterretning og har då fylgjande framlegg til samansetning av nytt styre for 2023*:

Styreleiar - Ranveig Næss (1 år)
Styremedlem - Ranveig Næss (attval for 2 år)
Styremedlem - Atle Kvåle (attval for 2 år)
Styremedlem - Stig Tveit (ikkje på val)
Styremedlem - Kathrine Kvamme Tveitnes (val for Magne Djuvik sin fristillingsperiode, 1år*)

Styremedlem - Anette Gjøen Berge (valt av tilsette for 2 år)

1. Varamedlem William Lindborg (vald for 1 år, sidan noverande 1.vara går inn i styret)*
2. Varamedlem Trond Sværen (attval for 2 år)

Personleg varamedlem for tilsettrepresentant: Pieter Johannes de Zwarte (valt for 2 år)

Valnemnd for 2022 har vore:

Bodil Vik	Leiar	Ikkje på val
Tor Johannes Hjertnes		På val
Sigmund Sjursen		Ikkje på val

Framlegg frå styret til ny valnemnd for 2023:

<i>Bodil Vik</i>	<i>Leiar</i>
<i>Tor Johannes Hjertnes</i>	
<i>Sigmund Sjursen</i>	

SAK 6. FASTSETJING AV GODTGJERSLE TIL STYRET

Valnemnda skal også leggje fram forslag til godtgjersle til styret.

Gjeldande satsar er:

Fast godtgjersle til styreleiar: kr 85 500 pr. år

Fast godtgjersle til styremedlem: kr 23 500 pr. år

Møtegodtgjersle: kr 1 570

Godtgjersle for heildagsmøte: kr 3 850 (2 dagar ligg inne i fastbeløpet)

Valnemnda innstiller på å auke godtgjersla til styret.

Framlegg frå valnemnda til årsmøtevedtak:

Satsar for godtgjersle til styre:

Styreleiar *kr 87 000,- pr. år (+kr. 1.500,-)*

Styremedlemmer *kr 26 000,- pr år (+kr. 2.500,-)*

Møtegodtgjersle *kr 1 700,- pr. møte (+kr. 130,-)*

Godtgjersle for heildagsmøte: kr. 3.850,- frå dag 3, (2 dagar ligg inne i fastbeløpet) - (uendra)

Sak 7 a ENDRING AV RETNINGSLINJER FOR KAPITALFOND § 1 OG § 8

Styret foreslår å endre § 1 og § 8 i Retningslinjer for kapitalfond.

Endrast frå:

§ 1 Bakgrunn for etablering av kapitalfondet

Kapitalfondet ble etablert etter salget av Fusa Kraftlags aksjer i SKL.

Det er tilført 171.910.000 kroner til fondet.

Fondskapitalen skal ikke brukes. Kapitalen skal minst holdes på samme kronesummen som ved etableringen.

§ 8 Godkjenning av retningslinjer for kapitalfondet

Retningslinjene for fondet kan endres ved vedtak på årsmøtet. For endring av § 1 må vedtak fattes i tråd med vedtektenes §12 om vesentlig vedtektsendring. For øvrige endringer kreves kun simpelt flertall.

Framlegg frå styret til årsmøtevedtak:

Årsmøtet vedtek å endre § 1 i Retningslinjer for kapitalfondet til:

§ 1 Bakgrunn for etablering av kapitalfondet

Kapitalfondet til Fusa Kraftlag SA er etablert på bakgrunn av salg av aksjar i Sunnhordland Kraftlag AS. Det vart i utgangspunktet tilført 171.910.000 til fondet.

Og §8 til:

§ 8 Godkjenning av retningslinjer for kapitalfondet

Desse retningslinjene skal godkjennast av årsmøte.

Desse endringane krev vedtak som for vesentlege vedtektsendingar jf § 12 i Fusa Kraftlag SA sine vedtekter:

Vesentlege vedtektsendingar krev fire femdelar av avgjevne stemmer i 2 – to – ordinære årsmøte.

Endrast til:

§ 1 Bakgrunn for etablering av kapitalfondet

Kapitalfondet til Fusa Kraftlag SA er etablert på bakgrunn av salg av aksjar i Sunnhordland Kraftlag AS.

Det vart i utgangspunktet tilført 171.910.000 til fondet.

§ 8 Godkjenning av retningslinjer for kapitalfondet

Desse retningslinjene skal godkjennast av årsmøte.

SAK 7b. ENDRING AV RETNINGSLINJER FOR KAPITALFOND, § 2-8

Retningslinjer for kapitalfondet var sist endra i 2012

Endrast frå:

§ 2 Formål som avkastningen kan nyttas til

Avkastning av fondet kan nyttas til;

- Investeringer i Fusa Kraftlags virksomhet
- Kjøpeutbytte, forrenting av medlemskapital
- Tilskudd til lag og organisasjoner
- Forskottering/tilskudd til idrettsanlegg
- Forskottering av infrastruktur
- Utgifter til veglys
- Tilskudd til utvikling av næringsliv og bosetting i Fusa Kommune
- Stipend

§ 3 Vilkår for å oppnå tilskudd til lag og organisasjoner

Tilskudd til lag og organisasjoner skal lyses ut en gang i året.

Søknadene behandles av et utvalg på 4 personer utnevnt av styret, der 2 av deltakerne er styremedlemmer og 2 fra administrasjonen. Instillingen fra utvalget behandles/vedtas av et samlet styre.

Endrast til:

§ 2 Føremål med retningslinjer for kapitalfondet

Føremålet med retningslinjene er å setje rammer for forvaltninga av kapitalfondet, på ein slik måte at det gjer ei langsiktig og stabil inntekt i samsvar med vedtektene for Fusa Kraftlag SA. Bruk av midlar frå kapitalfondet må sjåast i samanheng med vedtektsfesta føremål i Fusa Kraftlag SA.

§ 3 Forvaltningsstrategi

Forvaltninga av kapitalfondet er delt opp i to porteføljer, Fondsportefølje og Strategisk portefølje.

Fondsportefølje: skal plasserast i fond og rentepapir og skal forvaltast av ekstern part, med sikte på å generere høgast mogleg avkastning innanfor ein moderat risikoprofil.

Strategisk portefølje: plasserast i lokale selskap, forskotteringar og lån som blir gitt i kraft av kapitalfondet. Porteføljen har ikkje utelukkande avkastning som føremål, men skal nyttast til å oppfylle Fusa Kraftlag sine vedtektsbestemte føremål.

For å oppretthalde ei avkastning som kan nyttast til å oppfylle kraftlaget sine føremål i framtida, skal fondsporteføljen utgjere minimum 50 % av kapitalfondet sin samla størrelse. Dersom fondsporteføljen fell til under 50 % av kapitalfondet sin samla størrelse, skal det lagast ein handlingsplan for å byggje fondsporteføljen opp igjen til minimumsnivå.

§ 3 Forvaltningsstrategi (forts.)

Styret skal utarbeide strategier for forvaltning av fondsportefølje og strategisk portefølje, med tilhørende rammer for ulike plasseringar. Forvaltningsstrategien skal baserast på at midlane er forvalta med moderat risiko.

Det skal utnevast eit finansutval som føl opp investeringane. Utvalet skal bestå av fire personar, to frå styret og to frå administrasjonen.

§ 4 Forskottering/tilskott til idrettsanlegg eller infrastruktur

Forskottering inntil 2,5 mill. kroner og/eller tilskott inntil 1 mill. kroner besluttet av styret etter innstilling fra administrasjonen.

Større forskotteringer/tilskott må godkjennes av årsmøtet.

§ 5 Tilskudd til utvikling av næringsliv og bosetting

Rammen for slike tilskudd, inklusive investeringer i eksempelvis Fusa Utviklingsselskap, vedtas av årsmøtet.

Innenfor rammen delegeres daglig leder fullmakt til enkeltvedtak inntil 100.000 kroner. Større bevilgninger tilligger styret etter innstilling fra administrasjonen.

§ 4 Rapportering

Resultatet for kapitalfondet og kva avkastninga er nytta til skal rapporterast til årsmøte i samband med årsrekneskapet.

§ 5 Handlingsregel

For å sikre ei god og forutsigbar forvaltning av kapitalfondet er det viktig å ha ein forutsigbar handlingsregel for bruk av avkastning.

Styret kan årleg nytte inntil 3 % av det fondsporteføljen er verdt ved start av året, med forutsetning av at ein opprettheld KPI-justert verdi av fondsporteføljen over tid.

Avkastning frå Strategisk portefølje kan nyttast på følgjande måte:

- *Styrke egenkapital i selskap den strategiske porteføljen er investert i*
- *Nedbetaling av gjeld i Fusa Kraftlag SA*
- *Overføring til fondsporteføljen*

§ 6 Forvaltningsstrategi

Styret skal utarbeide en strategi for forvaltning av fondet. Forvaltningsstrategien skal baseres på at midlene skal forvaltes med moderat risiko.

Resultatet av kapitalfondet skal rapporteres til styret kvartalsvis.

Det skal etableres et finansutvalg som følger opp investeringene. Utvalget skal bestå av 4 personer, styreleder og ett styremedlem samt daglig leder og kontorsjef.

§ 7 Tilbakemelding til årsmøtet

Årsmøtet skal informeres om hva midler som er tatt ut av fondet er benyttet til.

§ 6 Vilkår for disponering etter handlingsregel

Midlar frå kapitalfondet kan nyttast til å skape vekst og utvikling i lokalsamfunnet i form av:

- Å yte tilskott til Fusa Kraftlag sine verksemdsområde
- Tilskott til lag og organisasjonar
- Stipend til ungdom innafor idrett og kultur
- Forskottering/tilskott til idretts- og kulturanlegg
- Forskottering av infrastruktur
- Bidrag til utvikling og busetnad i lokalsamfunnet

Styret har fullmakt til:

- Enkeltvedtak om tilskott på inntil 1 mill.kroner
- Enkeltvedtak om forskottering på inntil 2,5 mill.kroner

Styret kan delegere til administrasjonen innanfor ramma for avkastning.

Større tilskott og forskotteringar skal vedtakast av årsmøtet.

§ 7 Bærekraft og etikk

Fondsporteføljen skal plasserast i aktivitetar som er i tråd med Oljefondet sine etiske regelverk, samt til ei kvar tid gjeldande marknadsstandardar for bærekraftige og ansvarlege investeringar.

Framlegg frå styret til årsmøtevedak:

Årsmøtet vedtek å endra §§ 2, 3, 4, 5, 6 og 7 som foreslått.

Desse endringane krev etter § 8 i Retningslinjer for kapitalfond simpelt fleirtal i årsmøte.

SAK 8. FORSKOTTERING/LÅN TIL INFRASTRUTUR TIL SAMNØY NÆRINGSOMRÅDE

Fusa Kraftlag SA er blitt spurt om å vere med å bidra til at Samnøy Næringområde kan bli realisert.

I starten var det eit Ad-hoc utval i kommunen som jobba med Samnøy næringsområde. Styret fekk i 2020 presentert dei første planane for området og spurt om å bidra med finansiering i samband med bygging av veg inn i næringsområdet.

Styret har vore positive til å vurdere å bidra til at dette prosjektet kan realiserast.

Det har gått tid å planlegge prosjektet og styret i kraftlaget har avventa konkret søknad for å kunne handsame denne saka.

I 2022 overførte kommunen prosjektet til Bjørnafjorden Utviklingsselskap AS, som er 100 % eigd av Bjørnafjorden kommune.

Fusa Kraftlag SA har motteke søknad frå Bjørnafjorden Utviklingsselskap AS om tilskott og forskottering/lån til bygging av infrastruktur inn i Samnøy næringsområde.

Styret er positive til å yte eit lån på inntil 10 mill.kroner til dette prosjektet. Styret ser også for seg at dette kan vere rentefritt i ein begrensa periode.

Søknad om direkte tilskott blir ikkje innvilga.

Styret har søkt juridisk hjelp til vurdering av muligheten til å yte denne typen lån, basert på samvirkelova, vedtektene til Fusa Kraftlag SA og retningslinjer for kapitalfond. Resultatet frå dette arbeidet vil bli presentert på årsmøte.

Framlegg frå styret til årsmøtevedtak:

Årsmøtet sluttar seg til styret si vurdering og vedtar at Fusa Kraftlag SA kan yte eit lån på inntil 10 mill.kroner til veg inn i Samnøy næringsområde. Styret får fullmakt til å forhandle endelege lånevilkår og inngå låneavtale med Bjørnafjorden Utviklingsselskap AS.